. BERGEN
Ms. 1162/11

Horvei 13de juni 1921

Kjære Lavik!

Eg hadde gjerne vilja set deg her hjaa oss til helga som kjem, den 19de. Um du tykkjest kjenna med deg sjølv at det ikkje vert ein beidatur, so for me vente deg samkunde? No skal du høyre: Her er fint hos du, med ein ein liten beitande av Evanga-vatnet hird nedunn nesa, og breide Bolstadelva med sin svellege svallsong som bryt i rolege rytme mot berghamrane og syng gjenom sansane ~~som~~ norne-song. Og dagen ligg yve leinane som ein kvilande gud, ligg i smil og undrast paa kor omyrje han torer syne fram av sin herlegdom fyrr mannsauga vert blinda. Og mannen, ja han fyller augo, so deg han tape fyre, og byggjer himlar og skapar soler, og er gud god nok, skalken!

Staa, no vantar det berre rim, so vorte det nokso aa sende i blade og undraste paa inne den og den les det, og kva den og den tykkjer. Nei, det bryr ikkje paa femtan famnar endaa, og so fortener det ikkje rim, ikkje rytme heller. So fjerne stemning for ein av dei mjødene Odin svalde i ravnstrupen hin gongen i harduiken — eller av det som gjekk vetravegen.

No, me fær eit ord fraa deg daa, kor det verd.

Lukke med bondeblade! Ja naar bonden ein gong vilde verte det eg ynskjer han lenge skulde vore. Han er no stuttsynt, stakar. Nei, eg veit ikkje, det er kje rette orde; eg vilde han skulde vore meir-diktar, trur eg, med alt det beste det orde har i seg. Og det er litegrand. Men kjem han nokosinne? Kann bonden skape kultur, ikkje folkekultur, men storaands-kultur? Verlaget er for svalt i bondeganden, er eg redd.

Helsing Olav Nygard.